



DET KONGELEGE  
BARNE- OG FAMILIEDEPARTEMENT

# Ot.prp. nr. 58

(2003–2004)

## Om lov om endringar i lov 26. juni 1998 nr. 41 om kontantstøtte til småbarnsforeldre

*Tilråding frå Barne- og familiedepartementet av 2. april 2004,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Bondevik II)*

### 1 Innleiing

Barne- og familiedepartementet gjer framlegg om endringar i lov 26. juni 1998 nr. 41 om kontantstøtte til småbarnsforeldre (kontantstøtteloven).

Framlegget er ei følgje av avgjerda om å eksportere kontantstøtte til EØS-området.

Departementet gjer framlegg om ein ny lovregel i kontantstøttelova som vil gjere at føresegnene i trygdedelen i EØS-avtalen blir gjeldande for personar som arbeider på den norske kontinentalsokkelen, slik at dei får rett til kontantstøtte i same utstrekning som personar som arbeider på land.

Vidare gjer departementet framlegg om ei endring av ordlyden i nokre av føresegnene i lova. Dette er tekniske endringar som følgjer av at kontantstøtta no blir utbetalt til personar i fleire land enn Noreg.

### 2 Bakgrunn. Gjeldande rett

#### 2.1 Bustadvilkåret og forholdet til Rådsforordning (EØF) nr. 1408/71

Etter kontantstøttelova §§ 2 og 3 er det eit vilkår for rett til kontantstøtte at barnet og den av foreldra som får stønaden, bur i Noreg. Bakgrunnen for dette er at retten til kontantstøtte er nær knytt til om, og kor mykje, barnet gjer bruk av barnehageplass med statleg driftstilskot.

Rådsforordning (EØF) nr. 1408/71 gir reglar om bruk av trygdeordningar for arbeidstakarar, sjølvstendig næringsdrivande og familiemedlemene deira som flyttar innanfor Fellesskapet. Det følgjer av artikkel 73 i forordninga at såkalla «familieytingar» skal utbetalast for born av personar som er omfatta av føresegnene i forordning 1408/71, og som er arbeidstakarar eller driv sjølvstendig næringsverksemd i Noreg. Denne retten til eksport gjeld uavhengig av kvar i EØS-området barnet er busett.

Kontantstøtta er ei familieyting. Då kontantstøtteordninga blei innført, varsla Barne- og familiedepartementet i Ot prp nr 56 (1997–98) at ein ville ta initiativ til å forhandle fram eit unntak frå eksport for kontantstøtta. Desse forhandlingane førte ikkje fram. Etter at EF-domstolen i november 2002 kom til at den finske kontantstøtta er ei familieyting som må eksporterast, bestemte regjeringa at også den norske kontantstøtta skal eksporterast til EØS-området. Utbetaling av kontantstøtte til EØS-området tok til i september 2003. Kontantstøtte blir etterbetalt med verknad frå den datoen ordninga blei innført, 1. august 1998, til dei som har hatt krav på stønaden i perioden.

EFTAs overvakingsorgan (ESA) hevdar at forordning 1408/71 også gjeld på kontinentalsokkelen. Noreg tok i 1999 imot ei grunnlagt fråsegn frå ESA i samband med ei klage frå ein arbeidstakar på den norske kontinentalsokkelen som ikkje fekk barnetrygd frå Noreg, ettersom familien ikkje var

busett her. Det kom etter kvart fleire klager til ESA om det same. ESA meiner at verkeområdet for forordning 1408/71 må definerast funksjonelt i lys av tilknytninga mellom den indre marknaden og aktiviteten på kontinentalsokkelen. Den 27. oktober 2003 tok norske styresmakter imot eit nytt brev frå ESA. Bakgrunnen var ei klage frå ein sokkelarbeidar busett i Sverige som ikkje får kontantstøtte for barnet sitt fordi barnet ikkje er busett i Noreg. Når det gjeld spørsmålet om forordning 1408/71 omfattar arbeidarar på den norske kontinentalsokkelen, viser overvåkingsorganet til den grunngitte fråsegna frå 1999.

Den norske kontinentalsokkelen er ikkje ein del av norsk territorium, og blir dermed heller ikkje omfatta av EØS-avtalen, jf. artikkel 126(1) i avtalen. Det inneber at forordning 1408/71 etter Noreg sitt syn i utgangspunktet ikkje gjeld på kontinentalsokkelen, sjå nærmare grunngeving for dette standpunktet i Ot.prp. nr. 16 (2000–2001) Om lov om endringer i folketrygdloven og barnetrygdloven (trygd på kontinentalsokkelen).

At Noreg ikkje har plikt til å la forordning 1408/71 gjelde på den norske kontinentalsokkelen, er ikkje til hinder for at norske styresmakter kan velje å la forordninga gjelde også der. I 2001 blei folketrygdlova og barnetrygdlova endra etter framlegg i Ot.prp. nr. 16 (2000–2001). Mellom anna blei det i begge lovene gitt lovreglar som slår fast at føresegnene i trygdedelen i EØS-avtalen (vedlegg VI nr. 1 og 2 til avtalen (Rådsforordning (EØF) nr. 1408/71 og Rådsforordning (EØF) nr. 574/72 o.a.)) skal gjelde for arbeidstakarar o.a. som arbeider med å leite etter eller å utvinne olje, gass eller andre naturressursar på den norske kontinentalsokkelen, på same vis som om vedkomande hadde arbeidd på norsk territorium (sjå folketrygdlova § 2–4 og barnetrygdlova § 6). Grunngevinga for endringane var at ein vurderte det som rimeleg og rettferdig overfor dei som arbeidde på sokkelen. Endringa inneber at arbeid på sokkelen er likestilt med arbeid på land. Arbeidarar på den norske kontinentalsokkelen som er omfatta av føresegna i forordning 1408/71, får dermed rett til ytingar etter folketrygdlova og barnetrygdlova i same utstrekning som om dei hadde arbeidd på land.

I Ot.prp. nr. 16 (2000–2001) er også forholdet til kontantstøttelova omtalt. På det tidspunktet då proposisjonen blei lagd fram, forhandla norske styresmakter med EU om unntak frå eksportføresegnene for kontantstøtta. Det heiter såleis i proposisjonen: «*I lys av utfallet av disse forhandlingene vil situasjonen kunne bli revurdert.*»

I brev av 19. desember 2003 frå Barne- og familiedepartementet blei det gjort klart for ESA at det

norske synet framleis er at Noreg ikkje har plikt til å gjere forordning 1408/71 gjeldande på den norske kontinentalsokkelen. Det blei vidare gjort klart at regjeringa ville fremje ein odelstingsproposisjon med framlegg om endringer i kontantstøttelova slik at arbeidstakarar o.a. på sokkelen får rett til kontantstøtte etter føresegnene i forordning 1408/71 på lik linje med personar som arbeider på land.

## 2.2 Vilkåret om at barnet ikkje eller berre delvis gjer bruk av barnehageplass

Kontantstøtta er eit alternativ og supplement til bruk av barnehageplass. Foreldra får anten kontantstøtte, eller dei nyt godt av ein barnehageplass som er offentleg subsidiert.

Kontantstøtteordninga er utforma med tanke på norske forhold, ettersom ein opphavleg ikkje tenkte seg at kontantstøtta skulle utbetalast for born busette i utlandet. Alle barnehagar i Noreg har rett til statleg driftstilskot. Det har derfor vore naturleg å knyte retten til kontantstøtte til om, og kor mykje, barnet gjer bruk av ein barnehageplass som det blir ytt statleg driftstilskot til, jf. kontantstøttelova §§ 2 og 7.

Andre EØS-land kan ha organisert barnehage-sektoren på andre måtar enn Noreg har gjort, mellom anna kan det vere mange ulike finansieringsmodellar for barnehagane. Somme land kan gi statstilskot til barnehagane, medan det i andre land er ei kommunal oppgåve å syte for finansiering av barnehagane. Andre land igjen kan gi tilskot til barnehagane frå delstatsnivå. Dersom det berre var bruk av barnehage med *statleg* driftstilskot som skulle føre til tap av kontantstøtte, ville det i mange tilfelle kunne føre til at familiar i andre EØS-land blei urimeleg godt stilte samanlikna med familiar i Noreg, for då kunne dei få utbetalt kontantstøtte samtidig som dei gjorde bruk av barnehagar med anna offentleg støtte. Ettersom alle barnehagar i Noreg får offentleg støtte i form av statstilskot, er det i realiteten eit vilkår for utbetaling av kontantstøtte i Noreg at det ikkje blir brukt barnehage som får *offentleg* tilskot. På bakgrunn av dette har ein også i EØS-området stilt som vilkår for utbetaling av kontantstøtte at barnet ikkje, eller berre delvis, gjer bruk av barnehageplass som det blir ytt *offentleg* driftstilskot til. Trygdeetaten har begynt å utbetale kontantstøtte til EØS-området i samsvar med dette. Departementet meiner at dette lét seg sameine med lovteksten slik han lyder i dag. ESA er likevel varsla om at regjeringa vil føreslå ei endring av lovteksten på dette punktet, og at siktemålet med endringa er å unngå mistydingar som ordlyden i den

nogjeldande lova kan skape når kontantstøtta blir utbetalt til fleire land enn Noreg.

### 3 Vurderingar og forslag

#### 3.1 Ny lovregel som gir arbeidarar på den norske kontinentalsockkelen rett til kontantstøtte

Regjeringa meiner at Noreg ikkje har plikt til å gjere føresegnene i trygdedelen av EØS-avtalen gjeldande på den norske delen av kontinentalsockkelen.

I 2001 valde Stortinget å endre folketrygdlova og barnetrygdlova slik at arbeid på den norske delen av kontinentalsockkelen blei likestilt med arbeid på land når det gjeld rett til ytingar etter desse lovene.

Ein har no avklart at kontantstøtta er ei familieyting som er omfatta av forordning 1408/71, på lik linje med barnetrygd, og norske styresmakter har begynt å utbetale stønaden til EØS-området for born av personar som arbeider på land.

Departementet meiner at dei vurderingane som låg til grunn for endringane i barnetrygdlova og folketrygdlova, nemleg at det ville vere rimeleg og rettferdig overfor dei som arbeider på sockkelen, gjer seg gjeldande på same vis når det gjeld kontantstøtta. Vidare kan departementet ikkje sjå nokon grunn til å ha andre reglar for kontantstøtta enn dei som gjeld for barnetrygda.

På bakgrunn av dette føreslår departementet å endre kontantstøttelova slik at arbeidarar på den norske kontinentalsockkelen får rett til kontantstøtte, og såleis blir stilte likt med dei som arbeider på land.

Departementet føreslår at endringa blir gjord i form av ein lovregel som svarer til barnetrygdlova § 6. Denne paragrafen regulerer retten til barnetrygd for arbeidstakarar o.a. på sockkelen.

Endringa i barnetrygdlova som gav rett til barnetrygd for arbeidarar på den norske kontinentalsockkelen, blei gitt verknad frå EØS-avtalen tok til å gjelde, 1. januar 1994, slik at grunnlaget for klagene til ESA skulle falle bort. Av same grunn føreslår departementet at endringa i kontantstøttelova blir gitt verknad frå kontantstøtteordninga blei innført, dvs. 1. august 1998. Dette inneber at ein må gjere unntak frå regelen i kontantstøttelova § 8 andre ledd om at kontantstøtte berre kan givast for opptil tre månader før den månaden søknad blei sett fram, sjå endringslova avsnitt II nr. 2.

Departementet meiner at ein må setje ein frist for å setje fram krav om etterbetaling av kontantstøtte etter den nye føresegna. Denne fristen kan

setjast til 1. januar 2006. Ein slik frist vil etter departementet si meining gi dei aktuelle søkjarane nok tid til å setje fram krav om etterbetaling.

Det må vere ein føresetnad at dei som søker om å få etterbetalt kontantstøtte, ikkje har vore omfatta av trygdeordninga i eit anna land i den perioden det blir søkt for. Departementet føreslår at det for ordens skuld blir teke inn ei føresegn om dette, slik det blei gjort ved den tilsvarande endringa i barnetrygdlova, jf. Ot.prp. nr. 16 (2000–2001).

#### 3.2 Endring av ordlyden i nokre av føresegnene i kontantstøttelova

Som nemnt under punkt 2.2, meiner departementet at den praksisen ein har i dag med å krevje at barnet ikkje, eller berre delvis, går i barnehage som får *offentleg* tilskot, er i samsvar med kontantstøttelova. For å unngå eventuelle mistydingar som ordlyden i den nogjeldande lova kan skape, ser likevel departementet at det kan vere ein fordel å endre nokre av føresegnene i lova. Dei føreslåtte lovendingane inneber ingen realitetsendringar når det gjeld retten til kontantstøtte, korkje for personar busette i Noreg eller for personar busette i utlandet.

Kontantstøttelova § 1 gjer greie for formålet med lova. Mellom anna skal lova medverke til *«at det blir mer likhet i overføringene den enkelte familie mottar til barneomsorg fra staten, uavhengig av hvordan tilsynet ordnes»*. Ordlyden i føresegna må sjåast på bakgrunn av at meininga opphavleg var at kontantstøtta berre skulle utbetalast til familiar i Noreg. Føresegna har ikkje noko sjølvstendig innhald i den forstand at ho isolert sett gir rettar eller plikter. Departementet ser ikkje behov for å endre denne paragrafen.

Barnehagelova § 8a krev at kvar kommune skal føre register til bruk for trygdekontora i samband med kontroll av utrekning og utbetaling av kontantstøtte. Registeret skal mellom anna innehalde opplysningar om born som har barnehageplass med statleg driftstilskot. Eit tilsvarande register vil ikkje bli oppretta i andre EØS-land. Føresegna i barnehagelova § 8a vil derfor framleis berre bli gjord gjeldande i Noreg. Ettersom alle barnehagar i Noreg får statleg driftstilskot, ser ikkje departementet behov for å endre denne føresegna.

### 4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Meirkostnadane ved den endringa som er føreslått, er rekna ut til å bli på mellom 1,5 og 2 mill. kroner

per år. Etterbetaling av kontantstøtte vil utgjere mellom 5 og 10 mill. kroner for perioden frå og med 1. august 1998 til og med 31. desember 2003. Over-  
slaget er noko usikkert, ettersom ein har teke utgangspunkt i utbetaling av barnetrygd til arbeid-  
rarar på den norske kontinentalsokkelen og det ikkje  
finst nøyaktige tal for kor mange born av sokkelar-  
beidarar det blir utbetalt barnetrygd for. Ein veit  
heller ikkje kor mange av dei aktuelle borna det er  
som går i barnehage med offentleg driftstilskot, og  
som dermed heilt eller delvis fell utanfor ordninga.

Departementet reknar med at endringa berre  
vil ha mindre administrative konsekvensar.

Ordlydsendringane vil ikkje ha økonomiske  
konsekvensar. Dei vil heller ikkje ha administrative  
konsekvensar utover dei som knyter seg til oppda-  
tering av søknadsskjema, rundskriv o.l.

Regjeringa vil kome tilbake til dei nødvendige  
løyvingane i budsjettsamanheng.

## 5 Merknader til dei aktuelle lovreglane

---

### *Til § 2 første ledd*

Departementet føreslår å endre ordlyden i føreseg-  
na for å unngå eventuelle mistydingar ettersom  
kontantstøtta no blir utbetalt til heile EØS-området.  
«Statlig» driftstilskot blir føreslått endra til «offent-  
lig» driftstilskot, sjå nærmare omtale under punkt  
3.2. Endringa inneber ingen realitetsendringar.

---

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i lov 26. juni 1998 nr. 41 om kontantstøtte til småbarnsforeldre i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

### *Til ny § 3 a*

Ein føreslår ein ny lovregel som omhandlar ar-  
beidstakarar på den norske kontinentalsokkelen.  
Lovregelen svarer til føresegnene i barnetrygdlova  
§ 6 og folketrygdlova § 2–4. Siktemålet er å gi rett  
til kontantstøtte for born som er busette i utlandet, i  
samt utstrekning og med den same personkrisen  
som etter EØS-avtalen.

Føresegna gjer at forordning 1408/71 blir gjord  
gjeldande for arbeidstakarar o.a. på den norske  
kontinentalsokkelen på same vis som ho gjeld for  
personar som arbeider på land.

### *Til § 7 andre og tredje ledd*

Ein føreslår at kontantstøtteleova § 7 blir endra til-  
svarande endringane i § 2. Heller ikkje desse en-  
dringane inneber realitetsendringar når det gjeld  
retten til kontantstøtte.

Barne- og familiedepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under  
eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om  
lov om endringar i lov 26. juni 1998 nr. 41 om kon-  
tantstøtte til småbarnsforeldre.

## Forslag

# til lov om endringer i lov 26. juni 1998 nr. 41 om kontantstøtte til småbarnsforeldre

### I

Lov 26. juni 1998 nr. 41 om kontantstøtte til småbarnsforeldre vert endra slik:

§ 2 første ledd skal lyde:

Kontantstøtte ytes for barn mellom 1 og 3 år som er bosatt i riket, og som ikke eller bare delvis gjør bruk av barnehageplass som det ytes *offentlig* driftstilskudd for, jf § 7 tredje ledd.

Ny § 3 a skal lyde:

*§ 3 a. Arbeidstakere på kontinentalsokkelen*

*Bestemmelsene i EØS-avtalens vedlegg VI nr. 1 og 2 (forordning (EØF) nr. 1408/71 og forordning (EØF) nr. 574/72 mv.) får tilsvarende anvendelse på en arbeidstaker mv. som arbeider med leting etter eller utvinning av olje, gass eller andre naturressurser på den norske delen av kontinentalsokkelen, som om vedkommende hadde arbeidet på norsk territorium.*

§ 7 andre og tredje ledd skal lyde:

Det ytes full kontantstøtte dersom barnet ikke gjør bruk av barnehageplass som det ytes *offentlig* driftstilskudd for.

Dersom barnet gjør bruk av barnehageplass som det ytes *offentlig* driftstilskudd for, og det er skriftlig avtalt redusert oppholdstid, ytes delvis kontantstøtte som følger:

- a) Med 80 prosent av full kontantstøtte når det er avtalt oppholdstid til og med 8 timer per uke.
- b) Med 60 prosent av full kontantstøtte når det er avtalt oppholdstid fra og med 9 til og med 16 timer per uke.
- c) Med 40 prosent av full kontantstøtte når det er avtalt oppholdstid fra og med 17 til og med 24 timer per uke.
- d) Med 20 prosent av full kontantstøtte når det er avtalt oppholdstid fra og med 25 til og med 32 timer per uke.

### II

Ikraftsetjing og overgangsreglar

1. Lova gjeld frå den tid Kongen fastset. Kongen kan setje i verk dei einskilte føresegnene til ulik tid.
2. Kontantstøttelova ny § 3 a blir gitt verknad frå 1. august 1998. Utan omsyn til kontantstøttelova § 8 andre ledd kan det ytast kontantstøtte frå den nemnde datoen dersom søknad er sett fram seinast 1. januar 2006 og vilkåra for kontantstøtte var oppfylte.
3. Retten til etterbetaling av kontantstøtte for tidsrom før lova tek til å gjelde, gjeld ikkje for person som i perioden det blir søkt om kontantstøtte for, var omfatta av trygdeordninga i eit anna land.

